

FITJAR KOMMUNE	
Saknr	2022/155
17 MAR 22	
Journalføring	
Saksbehandler	A:

Thea Træet AS

Aarskog elektro AS

Fitjar Kommune

## REGULERINGSPLAN FITJAR SENTRUM.

I forslaget til reguleringsplan for Fitjar sentrum som no er ute på høyring er det ikkje teke inn endring av parkeringssituasjonen utanfor våre verksemder. Dette syntes me er svært underleg. Dagens parkeringsløyising som vart laga i forbindelse med miljøgata i sentrum er ei dårleg og trafikkfarleg løyising. Kjøretøy som parkerar i dei langsgåande lommene må opna dørene på venstre side av bilen ut i kjørebanelen. Det har vore fleire nestenulykker. Utforminga av parkeringslommene gjer at mangen ikkje vil parkera der. Dette gjer at presset på dei andre parkeringsplassane i området aukar. Antalet parkeringsplassar er etter at miljøgata kom blitt kraftig redusert. Me vil be om at parkering på tvers av hovudvegen, slik det er framfor td sentrumsgården, vert innført utanfor eigedommen. Dette vil gjera det tryggare for dei mjuke trafikantane, og det vil også auke antallet parkeringsplassar. Thea Træet AS har merka stor nedgang i omsetning etter den nye parkeringsløyisinga kom, og er uroa for framtida dersom det ikkje vert endra.

Helsing

Thea Træet AS

*Karla Træet Korsvik*

Aarskog elektro AS

